

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshefte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshefte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknyting til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

KLOKKARÆTTENE WEGNER OG BØ I TORVASTAD

(1655—1803)

AV BIRGER KJETLAND

Etter reformasjonen vart klokkaren gjerne kalla dekn. Dekn kjem av det greske ordet diakon som tyder tenar.

Attåt anna kyrkjeleg arbeid laut deknene ha tilsyn med undervisning og opplæring av ungdomen. Det tok ei tid før kvar kyrkjesokn fekk sin dekn eller klokkar, som biskopen hadde eksaminert og godkjent.

I året 1611, 14/9, tok domkapitlet i Stavanger spørsmålet opp att om soknedeknar. Biskopen (Scavenius) krov på dette møtet at det no måtte tilsetjast deknar (klokkarar) i alle prestegjeld. Han klagar på dei ansvarlege menn som ikkje oppfyller kyrkjeordinansen (kyrkjelova) sine krav om bustad og løn til deknane. På dette møtet lovar kongens foged at når biskopen presenterar han ein dekn som er lovleg kalla og approbert, skal han gjera sitt til at deknene får både bustad og løn.

Den fyrste deknene me kjenner til i Torvastad heitte Thomas Thomasson Wegner (f. 1655, d. 1697). Han var son til sokneprest Thomas Thomasson Wegner (f. 1631, d. 1692) som styrde Torvastad soknekall i åra 1670—92. Mor til klokkaren, Anna Wegner, var dotter til futen Lauritz Johannesson Galtung (f. 1588, d. 1659) som budde på Torsnes i Hardanger. Denne futen åtte 53 gardar eller gardpartar i Hardanger og Sunnhordland. Galtung-ætta har greina seg ut over Vestlandet og er ei av dei mest kjende adelsættene på våre kantar. Kona til futen heitte Elisabet Ottesdtr. Orning og var av ei dansk adelsætt. Slehta hennar går attende til dei gamle norske kongane. Ho var lækjarkunnig og mange søkte råd og hjelp hjå henne for sjukdomane sine. Når me dertil nemner at farfar og farmor til klokkaren, var biskop Thomas Cortsen Wegner i Stavanger (f. 1588, d. 1654) og bispinne Anna Christensdtr. f. Trane (1611—1694), så må me vel seia at denne klokkaren ætta frå folk med

sterke åndelege interesser, men og frå slike som hadde sans for det materielle og jordiske.

Me veit lite om lagnaden hans. Han vart gift med Marite Knudsdr. Hinderaker, dotter til bonde Knud Ingebretson og kona som budde på garden Hinderaker i Avaldsnes.

I skifteprotokollen for 1697 står det m. a.:

«Anno 1697 den 8. marti var vi på Grønningen udi Torvestad sogn forsamlede til vedbørlig registrering, vurdering og liqvidasjon at gjøre efter den ærlige nu salige mand Thomas Thomassen Wegner, forrige Degn og Klokke her til Torvestad prestegjeld mellem den salige mands efterladte umyndige fire smaa Børn nemlig Lars, Thomas og Thomas Thomassønner med Datteren Ane Thomasdaatter Wegner paa den ene side og den salige mands kjære Hustru, Marite Knudsdaatter nærværende baade paa hendes vegne som lauverge og på de umyndige børn som Formyndere, Knud Ingebrigtson Hinderager, som er enkens egen kjødelige Fader mens nu siden af velbaarne Hr. Amptmand til tilskikkede Børnenes Formyndere og Verger disse efterfølgende Mænd:

Jon Endresen Røvær for Lars Thomassen, Jon Gundersen Føyen for den ældre Thomas Thomassen, Christopher Lillesund paa Skaare land for den yngste Thomas Thomassen og Hendrik Simonsen Rossebø for Ane Thomasdaatter Wegner, og er da Sterboens Midler med løsøre og fast Gods saaledes os forekommer i efterfølgende maade:

Her er nemnt sylv, tinn, messing, kopar og jarn.

Av krøter hadde buet 11 kyr a 2 Riksd. = 22 Riksd.

2 ungnaut a 1 » = 2 »

3 årskalvar a 2 ort = 1 »

Av hestar åtte buet ein vaksen jelk til 2 Rd. 2 ort. To unghestar og eit føl hørde og med.

Her på Grønningen budde altså klokke Wegner og dreiv eit etter måten stort gardsbruk i den tida. Vidare står det i skifteprotokollen:

«End fandtes jordegods udi Hardanger som nu omsider er først blevet delt og kommer dette boe tilgode og er anslagen til 30 Rigsdaler. Det Gods med det andre Gods tilsammen Alsager udi Kinservig sogn som Torgeir beboer, skylder med bøxel aarlig 8 Spand er efter Taksten 68 Spd. Udi Lote i Kinservig sogn otte Spand og et Spand Smør som er Odel og eiendom 36 Spd.»

I året 1711 vart Anna Thomasdr. Wegner gift med Lars Torbjørnson Alsaker og vart buande der. Dei har mange etterkomarar.

Borna etter klokken budde i året 1706 hjå Tore Jonson (37 år) på Grønningen. Anten han som enkjemann er blitt gift med klokkenenkja eller det er slektskap som har ført borna til han, er uvisst.

Han har to søner sjølv: Knud Torson (7 år) og Jon Torson (3 år). Dessutan har han tre stiftsøner (klokkarsønene):

1. Lars Thomasson (13 år).
2. Thomas Thomasson d.e. (10 år).
3. Thomas Thomasson d.y. (8 år).

Eldste klokkarsonen, Lars Thomasson Wegner, vart gift med Kirsten Trulsdtr. Torvestad og fekk mykje jordegods som konearv. Desse to har stor ætt etter seg i Torvastad. Ein av sønene deira var Thomas Larsson Wegner som budde på Nordbø. Han var fødd i 1730 og døydde i 1798. Han var gift med Martha Christina Christensdtr. Moksheim (f. 1750, d. 1816). Dei hadde fleire born, men berre dei to døtrene fekk etterkomarar: Den eldste, Astrid Thomasdtr., f. 1786 vart gift med klokkar Jon Jonsen Haaland, f. 1777, d. 1856. I boka «Slekten Jon Jonsen Haaland» av Christian Hauge, finn ein etterkomarane deira.

Den yngste av Nordbø-døtrene, Margrete Elisabet Thomasdtr., f. 1791, vart gift med Peder Jonsen Aarvig. I Tysvær er slekt etter dei. Namnet Thomassen på Rossebø kjem og frå denne greina. Prost Schanche i Avaldsnes skriv i ein attest frå 1789 om denne Nordbø-bonden: «At Thomas Larsen Wegner ei alene af Bønder i Torvestads prestegjeld er den mest formuende, men og til sit gaardsbrug og enhver i hans Fag forefaldende Haandtering med fortrinlig Stykke *begavet*, arbeidsfør og brugbar, har jeg ikke kunnet negte at bevidne.» Broren, Claus Larsen Wegner, budde på Brekke i Torvastad. Han var gift med Magdalena Larsdtr. Snik.

Lars Wegner Grønningen hadde ei *dotter* og, Margrete Larsdtr. Wegner, f. 1726. Ho vart gift med klokkar Jon Knudsen Bø som me skal høyra meir om seinare.

Etter Thomas Wegner vart *Zakarias Bjørnsen* klokkar i Torvastad (f. 1657, d. 1712). Han var frå Trøndelag og vart venteleg gift til garden Litlasund i Torvastad. Han brukte 8 spand korn og ½ laup smør i denne garden. Etterkomarar kjenner me ikkje til endå.

Frå 1712 kom klokkarembetet inn i ei onnor kjend Torvastadætt. Denne ætta vart knytt til garden Bø og styrde med klokkaryrket i tre generasjonar (1712—1803). Den fyrste av dei var *Knud Jonsen Vikingstad*, f. 1694, d. 1762. Då Knud var 18 år, døydde klokkaren, Zakarias Bjørnsen, og soknepresten, Ola Nordmann, skreiv då til bispen: «Knud Jonsen Vikingstad kan vel læse og skrive og ansees af sognefolket som meget bekvem til degn.» Han fekk embetet og hadde si lengste klokkartid saman med den sermerkte presten Erik

Ivarson Leganger (f. 1660, d. 1752) som kom til bygda i 1715. Han var ei tid prost i Karmsund. Original var han sikkert i talane sine, etter det Fr. Øvrebø skriv om han. Og når ein les meldingane hans til bispen i 1739 og 1742 må ein vedgå at han var både klok og hjartegod. Han er glad i klokkaren sin, og samarbeidet mellom desse to var det aller beste.

I eit skriv til bispen seier Leganger:

«Klockeren til Torvestads kald Knud Jonsøn 45 aar gammel har været i Embedet i 25 aar, en Bondesøn her af Menigheden, er gift, bruger en Bonde- eller Bøxeljord, fordi ingen Klockerjord eller -bolig klockeren nogen tid været tillagt, bor en halv fjerding fra Hovedkirken og omtrent en fjerding fra Annexet Skaare. Kan skrive, dog saa meget man kan læse, er en edru og ulastelig Mand in vita et moralius. Udi Embedet er han saa vit han forstaar og formaar flittig; *thi siden jeg kom her til Kaldet har han i 23 aar været hver lørdag enten med mig eller ene ved Kirken* at lese for Ungdommen som om søndagen ville gaa til Guds bord og holdt dem for Morgenbønner, Bønner før og efter Skriftemaalet, Bønner før og efter Alterens Sakramente efter min maade, Kirkebønner, 5 Katekismeparter, smaa spørmaal og sentenser i Katekisme, og nogle af Ungdommen til deres 7 Davids pænitentzis Salmer. Hvor vit Ungdommen har profiteret, har han Biskopens visitasjoner for, endog hans og mit Arbeide ei har mere fruktet hos Ungdommen og Alderdommen, kan vi med god Samvittighed nogenledes sige, og ikke saa meget vores som deres Skjødesløshed at tilskrive. Han er ikke ilde funderet i sin Saligheds kundskab dog ei saa dyktig at han kan katekisere for ungdommen. Har sitt kaldsbrev af biskop sl. mag. Birkerod, er aproberet af biskop sl. mag. Nyrup og vaar itzige (nåverande) Høyærværdige mag. Kærup. Og efterdi denne Klokker ikke er saa vel oplyst og lærd som Embedet efter kongl. forordnings udfordring, saa er han dog saa vel intentioneret og i det han forstaar og formaar saa flittig og omhyggelig, *saa man ikke kan pretendere det bedre*. Og efterdi denne klokker kjender Ungdommens gemytter, inclination og ingenia og Alderdommens rynker og rænker, saa jeg gjerne at den gunstige Øvrighed vilde lade ham beholde Embedet som ingenlunde nest den aller høyestes bistand skal forsømmes. Jeg henser ikke til at han er min beste sømand til det farlige Udsira, og nest Gud har nogle gange ved sin forsigtighed reddet vores liv. For nogle aar siden vilde almuen have ham fra mig til lensmand, men jeg hindrede det fordi mig syntes han var en skikkelig og forsiktig mand.»

Biskop Kærup skriv i si visitasbok 13. juli 1738: «Ungdommen særdeles vel oplært i Gud, Degnen i god stand.»

Det var ei grotid, ei tid med nye forordningar og lovar for kyrkja og skulen i denne tida, så det var rimeleg at prost Leganger ville ha

ein dugande klokkar ved sida si. I 1736 kom påbod om konfirmasjonen og med den fylgde krav om større kunnskapar og strenge, moralske føresegner. Skulelova som kom i 1739 var og eit dokument som valda mykje bry for mange. Leganger skreiv om stoda i Torvastad m.a.:

«Endog der formaner at de gamle som ikke kan lese i bog, skal lære at sjunge disse almindelige sanger: «Alenest Gud», «Nu bede vi den Helligaand», «Vi troe», saa vil dog denne formaning lidet frukte, men presten som formaner, maa høre disse skidne ord: «Hverken min fader eller moder kunde sjunge disse salmer, de hadde dog brød til deres døds dag, slapp frem til Guds bord og med Gus hjelp ere blevne salige.»

Folket si innstilling til opplæring og skule var slik at skulelova av 1739 ikkje kunne gjennomførast utan vidare. Me fekk skuleplakaten frå 1742 som gav bygdefolket og stiftstyret fullmakt til å setja lova i verk så langt dei sjølv ville og kunne. Her ville embetsmennene gå heller langt, og bøndene heldt att. Skulestriden vart ofte beisk mellom embetsmann og bonde. Prost Leganger slo til lyd for ein overskolemester for kvart prestegjeld. I moderne språk ville ein vel seia skuleinspektør. Han heldt fast på den gamle ordninga med bygdeskulemeistrar som folk var vane med og som kjende folket sine seder og skikkar. Overskolemesteren eller inspektøren skulle fara kringom i husa og hjelpa til med undervisninga. Fyrste året skulle borna undervisast i heimane, men seinare måtte dei møta iram til sentrale hus i bygda til undervisning og overhøyring: «De nærmeste gaardene som ligger hos hinanden — at ungdommen som ret lese i bog kan samles den ene gang hos den ene bonde paa hvert samlested, og den andre gang hos den andre bonde, paa det det ikke skal falde for langt og besværligt for ungdommen til hvert samlested, og noget lidet mageligere for overskolemesteren.»

Me må merka oss at dei fleste heimane var samla i små husklynger på kvar gard i den tida. Han kjem med framlegg om at hovudsokna Torvastad og annekset Skaare kvar vert delt i 4 samlingskrinsar. Om Utsira seier han:

«Men naar overskolemesteren skal til Udsire som er kapellet der ligger 2½ mil i Havet, ser jeg ingen anden maade end han ikke tiere kan komme der ud end 3 ganger — som presten — om aaret, og faar reise ud 14 dage før presten og saa følge presten hjem igjen paa baaden. Forleden aar (1741) døde den bygdeskolemester vi der havde som var en god skolemester, meget nyttig for ungdommen. Hans datter, en pige, har man der nu til skolemester som indformerer de unge og medhjælperen hver anden søndag og samler der-

paa almuen til kirken hvor der læses af postillen den søndags evangelium og sjunges i en søndags salme.»

Me har ikkje funne namna på denne faren og den gåverike dottera hans, men dei har her fått eit fint velfortent ettermæle.

Leganger finn ingen som kan høva til skuleinspektør (oberskolemester) i hans prestegjeld:

«Men som her er ingen udi menigheden jeg vil og kan betro enten at være en ret skolemester eller substitut for disse aarsager:

1. Enten gifter de sig straks unge, og naar de nu tager jordbrug, da gaar det med dem som med bondeklokkeren der bruger jord, de har ikke tid at forlade jorden og passe paa ungdommen. Klokkerne ere hermed saa ringe løn aflagde at de maa bruge jord at føde sig af, thi ellers maa de snart betle.

2. Eller og reiser de hen straks i ungdommen til Holland at fortjene sig noget.

Og om her end skulle findes en, da skulde han ikke med den lydighed, villighed, kjærlighed og ærbødighed modtages og ansees af almuen som det sig burde uden han af øvrigheden beskikkes.»

Vidare skriv han: «Foreldrene tenker, — jo før børnene slipper af skolen, jo før faar de børnene frem til arbeids og slipper at give skolemesteren kost, og skal dog hede de har holdt deres børn i skole.

Skolemesten tenker, — jo før de kan jage disse 3 bøger, A-B-C, Katekismen og Evangeliebogen igjennem, jo før er daleren fortjent. Forældrene examinerer ikke børnene eller har forstand paa det enten de lærer ret eller ei. Børnene tenker, — jo før de får løbet disse 3 bøger igjennem, jo før er de udlærde og slipper skolegangen. Og endog presten befaler foreldrene at de ikke skal betale skolemesteren den løn før børnene ere examinerede af præsten udi lesningen, saa vil de dog gaa efter deres eget hoved og gamle manér.»

Det vart ingen oberskolemester eller inspektør i den tida. Mangt tyder på at Leganger hadde eit sunt og klårt skulesyn. Han var i mot altfor mykje sentralisering av skulen, og ville på ingen måte vera med på at det vart bygt eit skulehus i nærleiken av kyrkja. Borna fekk for lang veg, og det ville gå på helsa laus, meinte han.

Klokkar Knud Jonsen Vikingstad vart kring 1720 gift med Anne Hansdtr. Øvre Hauge. Far hennar, Hans Hansen, var frå garden Bø, og i 1721 fekk klokkar Jonsen skøyte på 3½ vett korn i Bø-garden. Matrikelen for 1723 seier: Knud Jonsen Bø bruker 3½ vett, saar 5½ tønne, Aufler 28 tdr., føder 2 hester 7 nød.

Etter fogderekneskapen for 1744:

Knud Jonsen klokker eier 3½ wæt jord i Bø	41 R.
Udi Hesje 10 spand a 2 R.	20 »
Udi Høywig 6 spand a 9 ort	9 «

Guld 1 lod	8 »
Sølf 24 lod	13 »

Beholdning 91 R.

Løna hans som klokkar var 25 riksdalar om året. Dessutan hadde han 1 Rd. for kvart barn han lærde lesa. Og lesekunsten var bra i bygda etter det prost Leganger skreiv i 1739:

«Tilstanden med ungdommen i denne menighed er denne: Jeg ved ikke nogen ungdom fattig eller riig her i menigheden fra 7 til 23 aar jo er holdet til at læse i bog, thi her har været bøydeskolemestere, nu Husmænd boende her udi menigheden, nu andre fremmede skolemestere antagne af foreldrene at læse for deres børn og give disse skolemestere 1 Rixdaler for at lære Børnene disse 3 bøger: A B C bogen, Chatekismusen og Evangeliebogen.»

Klokkar Knud Jonsen Bø^(L. Vikknudsen) var dekn i Torvastad i 39 år (1712—1751) etter det sonen hans fortel. Han og kona hadde 5 born som me veit om:

1. Ole Knutsen, sjømannen, som vart gift med Kristine Henriksdtr. Møinich frå Helsingør. Disse to er oldeforeldre til dei kjende brørne Håkon og Ola Storstein.
2. Hans Knud Knudsen, f. 1733, gardbr. på Bø.
3. Torborg Knudsdtr.
4. Ellen Knudsdtr. gm. Elias Danielsen Vikshåland.
5. Klokkar Jon Knudsen, f. 1723, d. 1799, gm. Margrethe Larsdtr. Wegner, f. 1726, dotter til Lars Thomassen Wegner Grønningen og kona Kirsten Trulsdtr. Torvastad. Ved dette giftarmålet kom dei to klokkarslektene saman i ei ættgrein.

Jon Knudsen fekk klokkarembetet i 1757 etter ein Jacob Hess som visstnok vart tollvisitør i Karmsund. I kyrkjeboka for 1757 skriv prost *Lindwald*: «Ligeledes blev indsat til Degne-embedet her i menigheden, Jon Knudsen Bø samme tid her i Torvestad kirke.»

Han åtte farsgarden på Bø, 3½ vett korn, og han budde der til 1774. Då skøytt han garden på sonen, seinare klokkar Knud Jonsen Bø. Sjølv flytta han til Grønningen der han åtte 2 vett (som venteleg var konearv). Seinare auka han dette med 5 spann og åtte då til saman 17 spann her.

I 1776 var det visitas i Torvastad. Om denne seier prost Krog m. a.: «Degnen, en gammel mand og vandt til haandverket aflagde ingen prøve. En skoleholder, Baar Baarsen, noget brugt til denne tjeneste, holdende bogen for sig, qvæstionerede ord for ord af

denne.» Denne gamle deknen var visseleg Jon Knudsen Bø. I 1780 den 29. juni hadde biskop Hagerup visitas. Han skreiv: «Degnen katekiserede kun maadelig, men skoleholderne, endog den yngste af dem, særdeles vel, og ungdommen hadde en skjøn kundskab.»

Skulehaldaren Baar Baarsen Holmen budde på Øvre Hauge. Lars Hansen og Ole Hansen var skulehaldarar i Skåre, og Aadne Helgesen i Utsira (1776).

I 1799 sluttar ein skulehaldar som heiter Peder Skyllingstad. Han har kanskje teke plassen etter Baar Baarsen i Torvastad. Jacob Torbjørnsen Bakken, Skåre, sluttar og då. Gaut Aanensen Sørhaug og Gaut Vixe var og lærarar i 1799.

Jon Jonsen Haaland (Gamleklokkaren) tok til som lærar i Torvastad i 1797. Då var det 5 skulehaldarar i heile prestegjeldet. Biskop P. Hansen har ein merknad om dette: «I dette kald behøves kun 3 skoleholdere.»

Jon Knudsen Bø hadde lengste klokkartida si saman med sokneprest og prost Christopher Jenssen Lindwald som kom til Torvastad frå Færøyane i 1756. Han var sikkert ei eldsjel, men dreiv kanskje altfor hardt på for å få gjennomført alle dei krava som kom frå styresmaktene. Han møtte sterk motbør i arbeidet sitt for skulen i bygda, og han veik ikkje undan for retts-sak når han tykte det trongst. Han var med og skipa skulestellet i Karmsund då Skulefundatsen av 11. april 1758 vart skriven. Det var vel Lindwald som laut ta hardaste støyten før skulen verkeleg slo rot i folket sitt medvit i Torvastad. Skule og opplæring hadde folk hatt lenge før Lindwald si tid, men skulefundatsen frå 1758 sette større krav til alle både økonomisk og skulemessig. Folk lika 'kje denne nye tvangstrøya, og soknepresten vart skyteskiva deira. Han klaga til fut og biskop over dei vondord han laut høyra frå folk som han namnkjende og ville ha straffa. Litt etter kvart kom nok gemytta meir til ro, og etter visitasane å døma har skulen hatt framgang og fått noko betre kår i tida framover. Men stort sett vart det på staden marsj til skulelova kom i 1827.

Det var skulepengane som skapte størst misnøye i den fyrste tida. Om klokkaren kom opp i vanskar her, er uvisst, — endå han hadde plikt til å krevja inn skulepengane. Det ser helst ut for at lensmannen hadde det arbeidet i Torvastad.

Truleg slutta Jon Knudsen som klokkar kring 1783. Den 12. august s. å. skriv han m.a. til Stiftsbefalingsmann von Adler:

«Da det naadigst har behaget Deres Høyvelbaarenhed og Deres

Jeg Joen Knudsön Klæcker
Til Torvestads Præstegield
faar Til Aafer 12 rixd. skriver
12 rixdaler

J. Knuds

Prøve på skrifta til klokkar Jon Knudsen. Her står: „Jeg Joen Knudsön Klocker Til Torvestads Præstegield faar Til Aafer 12 rixd. skriver 12 rixdaler. J. Knuds“.

Høyærværdighed at befale mig at bevise og hiemle mit Prov til velbyrdige frue Barth for Renholdelse i henseenede til de i Torvestad's kald værende 3de kirker, deres Altere, Klæder og andre ornamenter udi 25 aar,» o.s.b. — — — «At det Arbeide med deslige Renholdelse har fra ældgammel tid vært Degnen i Torvestad's kald overdraget, — og af ham beobagtet ligesom af min Fader i 39 aars Degnetjeneste — — —» o.s.b.

Brevet syner at han har 1 riksdalar om året for reinhald i kyrkjene.

Klokkar Jon Knudsen har etterlate seg eit synleg minne som syner kjærleiken hans til kyrkja og arbeidet der. I Torvastad kallsbok står det: «En Sølvbrødæske vegtig 9½ Lod givet af Jon Knudsen og er Torvestad Kirke tilhørende, men bruges ved de andre kirker tillige.»

Klokkar Jon Knudsen og kona, Margrete Larsdtr. Wegner, hadde desse borna:

1. Kiersten Jonsdtr., f. 1757.

2. Claus Jonsen, f. 1760.

3. Lars Wegner, f. 1765.

4. Knud Jonsen Bø (f. 1753, d. 1803) som vart klokkar etter faren kring 1884. Han fekk skøyta på farsgarden 3½ vett korn i Bø år 1774. Kona hans var Aase Christensdtr. (f. 1757). Ho var dotter til Christen Mathiassen Moksheim og kona Marta Larsdtr. Myklebust.

Presten Schanche skriv m.a. om denne klokkaren i 1789:

«— er beskikket til Degn i Torvestads kaldet. Han er desverre bebyrdet med et ligesaa besværligt som trykkende Ombud, — efterdi

hans gamle Fader nyder det meste af dette ringe Degnekalds Indkomster saa at Landbruget er denne mands vigtigste deel til Levebrød Hans Vilkaar er kun maadelige med en talrig familie.»

I trappegangen til høyloftet hjå gardbr. Emil Bø er det ein fin stein (venteleg kyrkjestein) der desse bokstavane er innrissa: K. J. B. 1797. Dette må vera namnemerket til klokkaren Knud Jonsen Bø, som døydde i 1803 kring 50 år gamal.

Knud og Aase hadde mange born, og etterkomarane deira bur kring om i Torvastad og andre bygder.

Den mest kjende av borna deira var lensmann Knud Knudsen Bø (1790—1862). Han var valmann frå Torvastad prestegjeld nokre gonger og vart i 1835 tredje varamann til Stortinget.

Bø-garden, som denne ætta budde på, er kanskje den eldste garden i Karmsund. Her stod den gamle steinkyrkja som var i bruk på 1300-talet og kanskje lenger fram i tida. Det er ikkje krig og krigsheltar garden vitnar om. Det er såmannen som steller vel med jorda si, og det er åndsmannen som trufast sår det gylne åndsfræet i kyrkja og skule gjennom hundrader av år.

Gøymde og gløymde er desse såmennene for folk flest no. Men det sømer seg å sopa støvet av minnet deira, så dei kan lysa som eit døme for komande ætter.